



VINDAFJORD  
KOMMUNE

# Politisk Delegeringsreglement Vindafjord Kommune

Vedteke i Kommunestyret 17. juni 2025, sak KS 47/25



# Innhold

Innhold .....	2
1. Føremål og innleiing.....	4
1.1. Føremål.....	4
1.2. Kommunestyret – mynde og ansvar .....	4
1.3. Retningsliner for bruk av delegert mynde .....	4
1.3.1. Premiss for delegering og utøving av delegert mynde.....	4
1.3.2. Vidaredelegering .....	4
1.3.3. Tilbakekalling av delegert mynde og omgjerdingsrett .....	4
1.3.4. Rett til å ikke nytte delegert mynde.....	4
1.3.5. Administrativt delegeringsreglement .....	5
1.3.6. Rapportering og internkontroll .....	5
1.4. Prinsipielle og politiske saker skal handsamast politisk .....	5
1.5. Delegering til utval, arbeidsgrupper og selskap.....	5
1.5.1. Faste utval .....	5
1.5.2. Arbeidsutval .....	6
1.5.3. Andre kommunale nemnder/ utval.....	6
1.5.4. Formalisert interkommunalt samarbeid .....	6
1.6. Klage på vedtak .....	6
2. Formannskapet .....	7
2.1. Arbeidsområde .....	7
2.2. Tilrådingsrett.....	7
2.3. Avgjerdsmynde .....	7
3. Faste sektorutval .....	8
3.1. Generelt om mynde til faste utval .....	8
3.2. Oppvekst og omsorg .....	8
3.2.1. Arbeidsområde.....	8
3.2.2. Tilrådingsrett .....	8
3.2.3. Avgjerdsmynde.....	8
3.3. Drift, utvikling og kultur .....	8
3.3.1. Arbeidsområde.....	9
3.3.2. Tilrådingsrett .....	9
3.3.2. Avgjerdsmynde .....	9
3.4. Kontrollutvalet .....	10



3.5.	Administrasjonsutval (partssamansett utval) .....	10
3.5.1.	Arbeidsområde.....	10
3.5.2.	Tilrådingsrett .....	10
3.6.	Vilt- og fiskeutvalet .....	10
3.6.1.	Arbeidsområde.....	10
3.6.2.	Avgjerdsmynde.....	10
3.7.	Klagenemnd for eigedomsskatt.....	10
3.8.	Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt .....	10
3.9.	Val- og røystestyre .....	10
3.10.	Arbeidsgjeverutval.....	10
4.	Ordføraren .....	11
4.1.	<b>Sommarfullmakt - formannskapet og faste utval</b> .....	11
4.2.	<b>Delegat</b> .....	11
4.3.	<b>Styringsrett til utval og endring av møteplan</b> .....	11
4.4.	<b>Representasjon, servering og heider</b> .....	11
4.5.	<b>Påtale</b> .....	11
4.6.	<b>Fritak for verv</b> .....	11
4.7.	<b>Særlover</b> .....	12
5.	Delegering av mynde til kommunedirektøren .....	12
5.1.	Generell mynde (generalfullmakt) .....	12
5.2.	Handtering av akutt krisesituasjon .....	12
5.3.	Personalsaker .....	12
5.4.	Kommunen som privat rettssubjekt .....	13
5.5.	Økonomi .....	13
5.6.	Annan delegering til kommunedirektøren .....	15
6.	Kommunen sine kjøp og sal av eigedom .....	17
8.	Oversikt – delegasjon etter særlover .....	18



# 1. Føremål og innleiing

## 1.1. Føremål

Føremålet med delegeringsreglementet er å gje tydeleg fordeling av mynde i kommunen, grunnlag for god verksemdstyring og internkontroll og forsvarleg og effektiv forvaltning av kommunen. All delegering av vedtaksmynne og tilrådingsrett skal vere tydeleg og open.

## 1.2. Kommunestyret – mynde og ansvar

Det føl av kommunelova § 5-14 at Kommunestyret sjølv skal fastsetje eit reglement for korleis vedtaksmynne og tilrådingsrett skal delegerast.

Kommunestyret har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre kommunale organ. I tillegg har også kommunestyret øvste tilsynsansvar for kommunal forvaltning og drift.

Unntatt frå kommunestyret si delegering er dei oppgåver og ansvar der særlov legg mynde direkte til kommunal tenestemann.

## 1.3. Retningsliner for bruk av delegert mynde

### 1.3.1. Premiss for delegering og utøving av delegert mynde

All delegert mynde til politiske organ eller til kommunedirektøren skal utøvast i samsvar med dei saksbehandlingsreglane som følgjer av lov, forskrift, communal saksbehandlingsinstruks og god forvaltingsskikk. I tillegg skal all delegert mynde utøvast i samsvar med dei plan- og budsjetttramme, reglement (til dømes økonomireglementet) og retningsliner som er vedteke av kommunestyret, eller anna communal organ med vedtaksmynne. For tilfelle som ikkje er dekkja av dette delegeringsreglementet, gjeld det som er sagt i gjeldande lov og forskrifter.

Kommunestyret gjev formannskap, utval og kommunedirektør ansvar for til ei kvar tid å vurdere behov for endringar av gjeldande delegeringsreglement innan deira respektive ansvarsområde. Dette gjeld både mynde gitt til politiske organ og til kommunedirektøren. Når det politiske organet finn at det er behov for endring, pliktar det å fremje forslag om dette til kommunestyret.

### 1.3.2. Vidaredelegering

Delegert mynde kan delegerast vidare med mindre det uttrykkeleg er lagt sperre for det.

### 1.3.3. Tilbakekalling av delegert mynde og omgjeringsrett

Delegering av mynde inneber ikkje fråseiing av mynde. Det organ/den som har delegert mynde, kan av eige tiltak gjere om vedtak fatta av den som har fått delegert vedtaksmynne, men berre innan dei rammer som vert gjevne av forvaltningslova § 35.

### 1.3.4. Rett til å ikkje nytte delegert mynde

Den som har fått delegert mynde kan i særskilte tilfelle overlate avgjersla i ei sak til det organet som har gitt delegeringa.



### 1.3.5. Administrativt delegeringsreglement

Kommunedirektøren utarbeider, innanfor ramme for avgjerdsmynne fastsett av kommunestyret, retningsliner for intern delegering og utøving av slik delegert mynde.

### 1.3.6. Rapportering og internkontroll

Rapportering skjer til det organ/den som har delegert mynde på tenleg vis. Rapportering skal sikre at den som har delegert mynde har forsvarleg kontroll. Kommunedirektøren rapporterer til kommunestyret og politiske organ gjennom tertial- og årsrapport.

## 1.4. Prinsipielle og politiske saker skal handsamast politisk

Alle saker som er prinsipielle etter kommunelova §5-4 skal handsamast av kommunestyret. I tillegg skal saker som er av «politisk» karakter handsamast av politisk organ. Dersom det er tvil om ei sak er «prinsipiell» eller «politisk», skal ordførar og kommunedirektør avklare dette saman. Saker som ikkje er prinsipiell eller politisk inkluderer følgjande:

- Saker der avgjerd vert tatt etter retningslinjer som er fastlagt gjennom politiske vedtak, budsjettrammer, overordna kommunale planar, instruksar og tidlegare praksis
- Saker der avgjerd er styrt av overordna sentralt regelverk
- Saker som ikkje treng meir enn fagleg og/eller regelstyrt handsaming (ikkje politisk vurdering)

Saker der eit vedtak vert styrande for korleis liknande saker skal løysast i ettertid (presedenssaker) skal handsamast som «politisk».

## 1.5. Delegering til utval, arbeidsgrupper og selskap

### 1.5.1. Faste utval

Kommunestyret fastset sjølv område for dei faste utvala si verksamd. Kommunestyret kan tildele slike utval avgjerdsmynne i alle saker der ikkje anna følgjer av lov (jamfør kommunelova §5-7).

Mynde som vert delegert til faste utval kan ikkje nyttast i strid med prioriteringar og føresetnadnar som er gitt av kommunestyret. Det er ikkje høve til å gå ut over dei rammene kommunestyret har fastsett.

Faste utval er varige og skal arbeide med oppgåver av varig karakter.

Avgjelder som vert tatt i eit fast utval, kan av eit mindretal på tre representantar krevjast framlagd for kommunestyret. Kravet om ankebehandling må i så fall fremjast før møtet er slutt og protokollerast.

Vindafjord kommune er organisert med følgjande utval (oppgåver og mynde er presisert i kapittel 2 til 4):

- Formannskapet (jamfør kommunelova § 5-6)
- Utval for oppvekst og omsorg (jamfør kommunelova § 5-7)
- Utval for drift, utvikling og kultur (jamfør kommunelova § 5-7)
- Kontrollutvalet (jamfør kommunelova § 23-1)
- Administrasjonsutvalet (jamfør kommunelova § 5-11)
- Vilt og fiskeutvalet (jamfør kommunelova § 5-7)
- Egedomsutval (sjå kapittel 7)



- Arbeidsgjeverutval (for kommunedirektør)
- Val- og røystestyre (jamfør vallova §4-5 og kommunelova §§5-7)
- Klagenemnd for eigedomsskattesaker (eigedomsskattelova §20)
- Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt (eigedomsskattelova §§ 8 A-3)

#### 1.5.2. Arbeidsutval

Faste utval kan opprette arbeidsutval for å løyse konkrete tidsavgrensa oppgåver innanfor utvalet sitt arbeidsområde (jamfør kommunelova § 5-7 (3)).

#### 1.5.3. Andre kommunale nemnder/ utval

Vindafjord kommune har i tillegg følgjande nemnder og utval.

- Rådet for eldre og personar med nedsett funksjonsnivå (jamfør kommunelova §5-12)
- Ungdomsråd (jamfør kommunelova §5-12)
- Rådsorgan på skular og barnehagar (FAU, SU)

#### 1.5.4. Formalisert interkommunalt samarbeid

Kommunestyret kan delegere mynde til organ utanfor kommunen innanfor lov. Døme på slik delegasjon er til interkommunalt selskap eller til annan kommune som vertskommune. Kva som er delegert skal gå fram av vedtekter, selskapsavtale eller anna relevant dokument. Ei samla oversikt over delegert mynde til andre eksterne organ skal gå fram av eigarskapsmeldinga til Vindafjord kommune (jamfør kommunelova §26-1).

### 1.6. Klage på vedtak

Alle kommunale einskildvedtak som er fatta, kan påklagast (jamfør forvaltningslova § 28).

Formannskapet har mynde til å vera klageorgan for einskildvedtak i folkevalde og administrative organ i samsvar med forvaltningslova § 28 med følgjande unntak:

- Statleg organ er klageinstans når det er slått fast i særlov.
- Utval for Drift, Utvikling og Kultur (DUK) er klageinstans for saker som fell under utvalets mynde etter punkt 3.3

Alle klager skal leggast fram for underinstans før den går til klageinstansen. Underinstans er normalt det organet som gjorde vedtaket som er påklaga. Dersom underinstans held fast på vedtaket, skal saka sendast til klageinstansen så raskt som råd.



## 2. Formannskapet

### 2.1. Arbeidsområde

Formannskapet har følgjande arbeidsområde:

- kommuneplan, kommunedelplanar og reguleringsplanar
- økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning (jamfør kommunelova §14-3)
- finansforvaltning
- politiske leiings- og samordningsoppgåver, inkludert samarbeid med andre kommunar
- samfunnssikkerheit og beredskap
- næringssaker
- kyrkje og religiøse organisasjonar
- andre administrative oppgåver som ikkje er lagt til andre utval/styre
- eigarskapspolitikk
- mediehandtering
- andre saker etter tilvising frå ordføraren

### 2.2. Tilrådingsrett

Formannskapet har tilrådingsrett til kommunestyret i saker innanfor sitt arbeidsområde (jamfør Kommunelova §5-6).

### 2.3. Avgjerdsmynnde

Formannskapet kan verta tildelt avgjerdsmynnde i alle saker der ikkje anna fylgjer av lov (jamfør Kommunelova §5-6 (5)).

Formannskapet har avgjerdsmynnde i følgjande saker:

- Formannskapet kan disponere budsjetterte tilleggsloyvingar i driftsbudsjetten (jamfør kommunelova §14-5, Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. kapittel 5).
- Formannskapet har mynde til å vedta godtgjering til ad-hoc/arbeidsgrupper som dei sjølv eller andre utval opprettar. Budsjettdekning må søkjast med det same.
- Formannskapet har avgjerdsmynnde i saker som ordinært skulle ha vore avgjort av kommunestyret, i dei høve når det er nødvendig å treffe vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla kommunestyre (jamfør "hasteparagrafen" i kommunelova §11-8).
- Formannskapet kan nytte midlar frå disposisjonsfond med eingongsløyving på inntil 3 millionar kroner. Slike vedtak må ha etterfølgjande godkjenning av Kommunestyret gjennom vedtak av tertialrapport/ årsmelding.
- Formannskapet har avgjerdsmynnde knytt til kjøp og sal av kommunale eigedommar. Sjå kapittel 7 for presiseringar.
- Formannskapet har avgjerdsmynnde etter fleire særlover. Sjå kapittel 8.



## 3. Faste sektorutval

### 3.1. Generelt om mynde til faste utval

Under vert arbeidsområde, rett til å tilrå og avgjerdsmynne presistert for dei faste sektorutvala:

- Oppvekst og omsorg (OPOM)
- Drift, utvikling og kultur (DUK)

### 3.2. Oppvekst og omsorg

#### 3.2.1. Arbeidsområde

Utval for oppvekst og omsorg (OPOM) er fast utval for:

- helse- og sosialsektoren i kommunen innan dei rammene som er sett i lov og forskrift og i kommunestyrevedtak
- undervisning og barnehagar i kommunen innan dei rammene som er sett i lov og forskrift og i kommunestyrevedtak

Utvalet har følgjande arbeidsområde:

- Barnevern
- Barnehage
- Grunnskule og skulefritidsordning
- Pedagogisk/psykologisk teneste
- Vaksenopplæring
- Integrering
- Kulturskule
- Helse og omsorgstenesta
- Folkehelse
- Omsorg for eldre og funksjonshemma
- Sosiale tenester
- Saker om samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak (SLT)
- Helse og rusmiddelvern
- Skjenke- og serveringssaker.
- Uttale til statlege høyringar innanfor sitt arbeidsområde.

#### 3.2.2. Tilrådingsrett

OPOM) tilrår til kommunestyret i saker innanfor sitt arbeidsområde. Saker med økonomisk konsekvens og/eller konsekvensar for heilskapleg planlegging går via formannskapet.

#### 3.2.3. Avgjerdsmynne

OPOM er delegert avgjerdsmynne etter fleire særlover. Sjå kap 8.

### 3.3. Drift, utvikling og kultur



### 3.3.1. Arbeidsområde

Utval for drift, utvikling og kultur (DUK) er fast utval for:

- saksområde som hører inn under rammeområde Forvaltning, drift og utvikling i kommunen innan dei rammene som er fastsett i kommunestyrevedtak, lov og forskrifter gitt i medhald av lov.
- kultursektoren i kommunen innanfor dei rammene som er fastsett i kommunestyrevedtak, lov og forskrifter (jamfør kulturlova §§ 4 og 5).

Utvælet har følgjande arbeidsområde:

- Klima- og energipolitikk
- Jord- og skogbruksaker, konsesjonssaker
- Byggesaker, dispensasjonar etter plan- og bygningslova
- Havbruksaker
- Hamnesaker
- Miljø- og naturvernssaker
- Motorferdsle i utmark og vassdrag
- Fastsetjing av stad- og vegnamn og skrivemåte m.m.
- Samferdslepolitiske saker, vegmynde og trafikksikring
- Allment kulturarbeid, herunder å vedta reglar for tildeling av kulturmiddlar
- Kultur- og bygningsvern
- Bibliotek
- Sport, idrett, friluftsliv og nærmiljø
- Frivillig organisasjonsliv
- Frivilligsentralen
- Spelemiddlar
- Reiselivssaker
- Uttale til statlege høyringar innanfor sitt arbeidsområde

### 3.3.2. Tilrådingsrett

DUK tilrår til kommunestyret innanfor sitt arbeidsområde. Sak går via formannskapet i saker med økonomisk konsekvens og/eller konsekvensar for heilskapleg planlegging. Kapittel 8 gjev oversikt over tilrådingsrett for nokre særlover.

### 3.3.2. Avgjerdsmynde

I følgjande saker har DUK avgjerdsmynde:

- handheve retningslinene for communal overtaking av drift og vedlikehald av private tilkomstvegar i regulerte bustadområde.
- administrere reglane om feltutbygging og gjere vedtak på kommunen sine vegne. Utbyggingsavtalar der kommunen opptrer som grunneigar eller saker av prinsipiell karakter vert saksbehandla etter nærmare retningsliner.
- administrere kommunale forskrifter for renovasjon, og gjere vedtak på kommunen sine vegne i dei tilfelle dette ikkje er delegert til HIM
- administrere kommunale forskrifter for vatn- og kloakkavgifter, og gjere vedtak på kommunen sine vegne. Mynde er avgrensa til forhold som ikkje er tillagt anna organ.
- DUK er delegert avgjerdsmynde etter fleire særlover. Sjå kapittel 8.



Andre utval

### **3.4. Kontrollutvalet**

Arbeidsområde og mynde er gitt i kommunelova §23-2 til 23-4 med tilhøyrande forskrifter.

### **3.5. Administrasjonsutval (partssamansett utval)**

#### **3.5.1. Arbeidsområde**

Utvalet har følgjande arbeidsområde (jamfør kommunelova §5-11):

- Personalpolitiske retningslinjer
- Generelle tilhøye mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette
- Twistespørsmål om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre avgjerder som angår dei tilsette sine tilsetjings- og arbeidsvilkår.

#### **3.5.2. Tiltrådingsrett**

Partssamansett utval har tilrådingsrett til kommunestyret i saker innanfor sitt arbeidsområde (jamfør kommunelova §5-11).

### **3.6. Vilt- og fiskeutvalet**

#### **3.6.1. Arbeidsområde**

Vilt- og fiskeutvalet handsamar saker knytt til forvaltning av vilt, jakt og ferskvassfiske.

#### **3.6.2. Avgjerdsmynde**

Vilt- og fiskeutvalet er delegert avgjerdsmynde etter fleire særlover. Sjå kapittel 8.

### **3.7. Klagenemnd for eigedomsskatt**

Klagenemnd handsamer og avgjer klagesaker etter eigedomsskattelova.

### **3.8. Sakkunnig nemnd for eigedomsskatt**

Sakkunnig nemd for eigedomsskatt skal verdsetje eigedommar som grunnlag for utskriving av eigedomsskatt.

### **3.9. Val- og røystestyre**

Arbeidsområde og mynde er gitt i kommunelova og vallova med forskrifter.

### **3.10. Arbeidsgjevarutval**

Arbeidsgjevarutvalet avgjer løn for kommunedirektør.



## 4. Ordføraren

Ordførar sitt mynde og oppgåver er gitt i kommunelova § 6-1. Også høve til å delegerere mynde til ordførar i ikkje-prinsipielle saker er gitt i lova.

### 4.1. Sommarfullmakt - formannskapet og faste utval

Ordførar får avgjerdsmynne i kurante saker som elles er lagt til formannskapet og dei faste utvala å avgjere, i organa sin sommarferie, og når det vert sett på som naudsynt med rask handsaming. Ordførar samrår seg, så langt råd er, med kommunedirektør for saker som ligg til formannskapet og til respektive utvalsleiarar for saker som ligg til utvala og informerer desse om eventuelle avgjerder. Avgjerder gjort av ordførar etter dette punktet, vert meldt til rette organ i første møte etter ferien.

### 4.2. Delegat

Ordførar er kommunen sin representant i årsmøte/generalforsamling der slik representasjon ikkje spesielt er utpeika av kommunestyret. Ordførar kan peike ut annan person i sin stad med fullmakt.

### 4.3. Styringsrett til utval og endring av møteplan

Ordførar avgjer kva utval sakene administrasjonen legg fram, skal behandlast i.

Ordførar har fullmakt til å endre møtetider og møtedagar for kommunestyre, formannskap og faste utval.

### 4.4. Representasjon, servering og heider

Ordførar vert gitt mynde til, på kommunen sine vegne, å gje gåver eller anna merksemd til foreiningar/lag eller einskildpersonar ved jubiléum, åremålsdagar og andre særlege høve, innafor gjevne budsjettrammer eller regelverk.

Ordførar har mynde til, innafor formannskapet sin disposisjonskonto, å disponera midlar til utbetaling i samband med kommunen si handtering av m.a. gjestebesøk, venskapssamband, representasjon og andre kurante saker.

Ordførar har mynde til å servere alkohol når dette synest føremålstenleg i samband med tilstellingar/representasjon.

Ordførar har mynde til å søkje om Kommunesektorens organisasjon (KS) sitt heidersmerke.

### 4.5. Påtale

Ordførar og kommunedirektør har mynde til å krevje offentleg påtale / anmeldre på vegne av kommunen. Kommunedirektør kan vidaredelegerere dette myndet. Ordførar har mynde til å gje fullmakt til partsrepresentant, jfr. tvistemålslova § 43

### 4.6. Fritak for verv



Ordførar har mynde etter kommunelova § 7-9 (2), til etter søknad å frita (inntil 6 månader) folkevald som «ikkje kan ivareta vervet sitt utan at det fører til vesentleg ulempe for han eller henne».

Representanten kan klage på vedtaket til kommunestyret. Klagefristen er 3 veker frå det tidspunkt underretning om vedtaket er kome fram til vedkomande.

## 4.7. Særlover

Ordførar har mynde etter særlover. Sjå kapittel 8.

# 5. Delegering av mynde til kommunedirektøren

## 5.1. Generell mynde (generalfullmakt)

Med heimel i kommunelova §13-1 (6) har kommunedirektøren mynde til å avgjere alle saker som reknast som ikkje-prinsipielle eller ikkje-politiske (jamfør punkt 1.4 i dette reglementet), og som ikkje er direkte lagt til politisk organ gjennom lov eller reglement.

## 5.2. Handtering av akutt krisesituasjon

Kommunedirektøren er leiar av kommunen si beredskapsleiing.

Kommunedirektøren har rett til å iverksette naudsynte skadeavgrensande og skadeførebyggjande tiltak ei ein akutt krisesituasjon eller når ei alvorleg, akutt krise truar. I dette ligg mynde til å mobilisere og nytte alle ressursar som er tilgjengelege for kommunen uavhengig av organisatorisk plassering i den daglige driftsorganisasjonen.

Dersom krisehandteringsfullmakta vert nytta skal det leggast fram sak for rette folkevalde organ så snart som mogeleg og utan ugrunna opphald.

## 5.3. Personalsaker

Kommunedirektøren har med heimel i kommunelova §13-1 (7) arbeidsgjevar- og leiaransvar for heile kommuneorganisasjonen. Ansvaret omfattar mellom anna rekruttering, opplæring, organisasjonsutvikling og generell god personalpolitikk.

Kommunedirektøren kan i tillegg gjennomføre endringar av stillingar og stillingsstorleikar i ei avdeling, så lenge utgiftene er innafor dei vedtekne netto budsjetttramme.



## 5.4. Kommunen som privat rettssubjekt

Kommunedirektøren representerer kommunen utad i privatrettslege forhold og underteiknar avtaler og andre dokument, herunder skjøte, på kommunens vegne (signerer for kommunen som rettssubjekt). Dette gjeld saker av ikke-prinsipiell art og inkluderer:

1. å leige ut kommunale utlegebustader og inngå leigekontrakt etter retningsliner og rammer fastsett av kommunen.
2. å seie opp leigekontrakt ved brot på denne, og til å krevje utkasting av leigebuar i kommunale bustader.
3. å fastsetje husleige for dei einskilde bustadar ut frå prinsipp fastsett av kommunestyret
4. å leige ut kommunale kontorlokale/ næringsareal og fastsetje leigesats.
5. å inngå kontrakt om feste av tomt, administrere ordninga og krevje inn festeavgift.
6. å selge bustad- og næringstomter etter reglane for dette.
7. å erverve/selje/bortfeste areal i samband med justering av målebrev som følgje av godkjent reguleringsplan, og å selje tilleggsareal til regulerte bustad- eller ervervstomter
8. å krevje tvangsausjon som ledd i tvangsinndriving når det vert sett på som nødvendig med tvangsausjon for å ivareta kommunen sine interesser.
9. å fråfalle communal pant for lån i mindre parsellar og fråfalle prioritet når dette ikkje fører med seg tapsrisiko for kommunen.
10. å opptre på kommunen sine vegner i naboforhold

## 5.5. Økonomi

Disponering av budsjettmidlar	<p>Kommunedirektøren har mynde til å disponere og fordele vedteken rammetildeling for kvart av tenesteområda i driftsbudsjetten til ansvar og føremål innafor dette tenesteområdet.</p> <p>Kommunedirektøren har mynde til å gjere tekniske justeringar mellom tenesteområda (til dømes for fellespostar sett av til lønnsvekst, pensjon og opplæring)</p> <p>Kommunedirektøren har mynde til å bruke driftsmidlar til investeringsføremål ved å redusere løyvinga til drift og auka overføring til investering tilsvarande.</p> <p>Kommunedirektøren har mynde til disponere, og eventuelt fordele rammetildeling, for kvart enkelt prosjekt i investeringsbudsjetten.</p> <p>Kommunedirektøren har mynde til å gjere andre omdisponeringar i drifts- og investeringsbudsjetten i tråd med økonomireglementet.</p> <p>(<i>Jamfør Kommunelova § 14-5. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. kapittel 5.</i>)</p>
-------------------------------	--



Tilvising	Kommunedirektøren har tilvisingsmynde for alle utbetalingar (innafor vedtekne budsjetttrammer på det nivået budsjettet er vedteke på).  Tilvisingsmynde gjeld ikkje tilvising av eigne rekningar, eller der inhabilitet kan gjerast gjeldande. I slike tilfeller ligg mynden til overordna mynde. Ordførar tilviser for kommunedirektøren.  <i>(Jamfør Kommunelova § 13-1)</i>
Lån	Vedtak om opptak av lån, samt avdragstida for lånet vert gjort av kommunestyret sjølv i hovudsak i tilknyting til behandling av budsjett/økonomiplan.  Kommunedirektøren har mynde til å effektuere låneopptak i samsvar med vedtak i kommunestyret (inkludert å inngå finansielle leigeavtalar og driftskreditt) og elles forvalte låneporleføljen i tråd med reglement for finans- og gjeldsforvaltning.  <i>Jamfør (Kommunelova §§ 14-13 til 14-18 og Forskr. om garantier og finans- og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner.).</i>
Gjelds-etterleving	Kommunedirektøren har mynde til å ettergje søknadar om avdrag, renter og andre krav vedkomande kommunen sine husbanklån/startlån til vidare utlån.  Kommunedirektøren har mynde til å ettergi/avskrive kommunale krav, der mynde til ettergjeving ikkje er gitt andre ved lov eller forskrifter i medhald av lov.  Ettergjeving av krav vert utgiftsført mot avsette midlar. Avsetjing til kommunen sine tap på krav vert vurdert i samband med handsaminga av årsbudsjettet og økonomiplanen.
Betalings-utsetting	Kommunedirektøren har mynde til å avgjere søknader om utsetjing med betaling av krav.
Forvaltning av midlar	Kommunedirektøren har mynde til å forvalte kommunen sin midlar, både midlar med låg risiko og høg likviditet og midlar med lang tidshorisont, i samsvar med dei rammer og vilkår som vert fastsett av kommunestyret i reglement for finans- og gjeldsforvaltning.
Avtaler om kjøp og leige av varer og tenester	Kommunedirektøren har mynde til å inngå avtalar (herunder rammeavtalar) om kjøp eller leige av varer og tenester.
Ubrukte løyvingar -	Kommunedirektøren har mynde til å avsetje og bruke av fond innafor ramma av dei einskilde løyvingar og gjeldande økonomireglement.



avsetning til fond etc.	(Jmfør Kommunelova § 14-3. Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. kapittel 4).
Rekneskapsavslutninga	Kommunedirektøren har mynde til å foreta strykingar i samsvar med gjeldande økonomireglement. Ved delvise strykingar vert kommunedirektøren delegert mynde til å avgjere rekkefølga innanfor føresegnene i forskrifta.  (Jmfør Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommuner og fylkeskommuner mv. kapittel 4)
Særnamsmynde	Kommunedirektøren har særnamsmynden etter dei lover/forskrifter der slik mynde er gitt til kommunen.
<h2>5.6. Annan delegering til kommunedirektøren</h2>	
Internkontroll	Kommunedirektør er ansvarleg for internkontroll med administrasjonens verksemd, for å sikre at lover og forskrifter vert fulgt, jmfør kommunelova §25.
Arbeidsmarknads-tiltak	Opprette eller leggje ned sysselsettingstiltak som er i samsvar med godkjende avtalar og tilsegn for arbeidsmarknadstiltak, og som er i samsvar med årsbudsjett og økonomiplan.
Selje/ avhende/kassere utrangert utstyr	Selje/avhende/kassere utrangert utstyr. Det skal leggjast til grunn dei prinsipp som gjeld i økonomi- og innkjøpsreglement, samt i etiske retningsliner. Oversyn over avgjorder ihht. til dette delegerte mynde skal leggjast fram i tilknyting til rekneskapen.
Engasjere prosessfullmektig	Engasjere prosessfullmektig i kommunen sine rettssaker.
Stønad til politiske parti	Fordeling av støtte til politiske parti etter reglar fastsett av departementet.
Tapt arbeidsforteneste	Godkjenne godtgjering og erstatning av tapt arbeidsforteneste for kommunale ombodsmenn, etter vedtekne retningsliner.
Opptak born i Vindafjord kulturskule	Fatte vedtak om opptak av born i Vindafjord kulturskule



Utleige skular, barnehagar m.m.	Avgjere saker innanfor opplæringslova og barnehagelova sine rammer vedk. utleige av skular, barnehagar m.m.
Kjøp og sal av tenester – fritid og kultur m.m.	Avgjere saker vedkommande kjøp og sal av tenester til fritids- og kulturliv frå /til andre kommunar, fylkeskommunar m.m.
Tildeling kulturmidlar i samsvar med retningsliner	Tildele kulturmidlar i samsvar med til ei kvar tid gjeldande retningsliner
Tildeling av tilskot til ulike føremål	<p>11. Løyve tilskot til ulike føremål, innanfor dei rammer som politiske organ har sett 12. Gje økonomisk støtte, eller å ta på seg, konsertar eller andre kulturtildelingar</p> <p>Attestere rekneskapssamdrag for bygging av idrettsanlegg/lokale kulturbygger</p>
Løyve til bruk av kommunal grunn	13. Gje løyve til personar som ønskjer å nytte kommunal grunn til t.d. handel frå offentleg stad, herunder frå torg, gater, bryggjer, mellombels lager m.m.
Følgjekort og parkeringskort	Fatte vedtak om utsteding av følgjekort (ledsagerbevis) og parkeringskort.
Påtale	Kommunedirektøren har mynde til å krevje offentleg påtale/anmelde på vegne av kommunen.
Kjøp og sal av eigedom	<i>Kommunedirektøren har mynde knytt til kjøp og sal av kommunale eigedommar. Sjå kap. 7.</i>
Særlover	<i>Kommunedirektøren har mynde etter fleire særlover. Sjå kap. 8.</i>



## 6. Kommunen sine kjøp og sal av eide

KJØP OG SAL AV EIGEDOMAR			
	A	B	C
	Kommunale bygg inklusiv bustader/ areal sett av til offentleg formål	Areal >500m <sup>2</sup> Makebyte >500m <sup>2</sup>	Areal <500m <sup>2</sup> Makebyte <500m <sup>2</sup>
SAL			
Fastsette rammevilkår for sal/vedtak om sal	Kommunestyret	Formannskapet	Kommunedirektøren
Fastsetje pris for sal	Egedomsutvalet	Egedomsutvalet	Kommunedirektøren
Forhandle pris sal	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommenedirektøren
Avtale sal	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren
Ved usemje / tvilstilfelle iht. rammevilkåra vert sak lagt fram for ...	Formannskapet	Formannskapet	Formannskapet
Kjøp			
Fastsette rammevilkår for kjøp/ vedtak om kjøp	Kommunestyret	Formannskapet	Kommunedirektøren
Fastsette pris for kjøp	Egedomsutvalet	Egedomsutvalet	Kommunedirektøren
Forhandle pris for kjøp	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren
Avtale kjøp	Kommunedirektøren	Kommunedirektøren	Kommenedirektøren
Ved usemje / tvilstilfelle iht. rammevilkåra vert sak lagt fram for ...	Formannskapet	Formannskapet	Formannskapet



## 8. Oversikt – delegasjon etter særlover

Lov (datert)	Organ	Deleget mynde
<b>Adopsjonslova</b>  16.06.2017 nr48	Kom. dir.	Har mynde til å utføre kommunen sine plikter og oppgåver etter §§ 9, 19 og 23.
<b>Akvakultur-lova</b>  17.06.2005 nr. 79	DUK	Har mynde til å gje uttale til søknader om konsesjon etter denne lova.
<b>Alkohollova</b>  2.06.1989 nr 27 med forskr.	OPOM	Har avgjerdsmynde etter lova, med mindre avgjerdsmynde er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen i samsvar med Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Vindafjord kommune.
<b>Arbeids- og velferds-forvaltnings-lova (NAV-lova)</b>  16.06.2006 nr20	OPOM	Har avgjerdsmynde der kommunen er gitt slik mynde, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen. Mynde vert gitt innafør ramma av kommunale og statlege reglar og Lov om sosiale tenester.
<b>Arkivlova</b>  4.12.1992 nr126 med forskr.	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i alle saker som er tillagt kommunen.
<b>Barnelova</b>  8.04.1981 nr7	Kom. dir.	Har mynde til å gje fråsegn på vegne av kommunen i spørsmål om foreldreansvar (§ 41).
<b>Barnehagelova</b>  17.06.2005 nr64	OPOM	Kan tilrå framlegg til vedtekter for barnehagene etter barnehagelova § 8. Vedtekten skal endeleg vedtakast i kommunestyret.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen og som ikke er lagt til anna politisk organ. Dette gjeld m.a.:  a. Godkjenning av barnehagar, både ordinære og familiebarnehagar.  b. Opptak av barn i barnehage.  c. Kommunalt tilskot til godkjende ikke-kommunale barnehagar.



		d. Forvaltning av moderasjonsordning.  e. Dispensasjon fra utdanningskrav.  f. Tilsynsmynde etter § 10.  g. Vedtak om spesialpedagogisk hjelp før opplæringspliktig alder i samsvar med § 35  h. Vedtak om rett til tilrettelagd barnehagertilbod §37
<b>Barnevernlova</b>  13.12.2024 nr78	Einings-leiar barne-vern	Har mynde til utføre kommunen sine plikter og oppgåver etter lova.
<b>Beitelova</b>  16.06.1961 nr12	Kom. dir.	Har mynde til å utføre kommunen sine plikter og oppgåver etter §§ 12, 13 og 14.
<b>Boligsosiallova</b>  20.12.2022 nr121	Kom. dir.	Har mynde til å utføre kommunen sine plikter og oppgåver etter §§ 3, 5, 6, 7, 8 og 9.
<b>Brann- og eksplosjons-vernlova</b>  27.01.2023 nr1 og tilh.forskr.	Haug. Brann og redn.	Har avgjerdsmynde i alle saker som er tillagt kommunen.
<b>Bustøttelova</b>  24.08.2012 nr64.	Kom. dir.	Har mynde til å utføre kommunen sin plikter og oppgåver etter §§ 5, 7, 8, 14 og 15.
<b>Dyrehelse-personellova</b>  15.06.2001 nr75	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i saker som er tillagt kommunen etter § 3A - Kommunen sitt ansvar
<b>Eigedoms-skattelova</b>  6.06.1975 nr29	Sakkun. Nemnd for eigedo msskat tesaker	Har mynde til å gje fritak etter §7 og til å handsame klage etter §20.
	Klagen emd for eigedo	Har mynde til å verdsetje eigedommar som grunnlag for utskrivning av eigedomsskatt etter § 8 A-3



	msskat t	
<b>Eigar- seksjonslova</b>  16.06.2017 nr65	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen.
<b>Ekteskapslova</b>  04.07.1991 nr47	Kom. dir.	Har mynde til å gje tilbod om vigsel i kommunal regi (jamfør §12a).
<b>Film- og videogramlova</b>  22.12.2021 nr168	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen.
<b>Flagging på kommunale bygninger</b>  29.06.1933 nr21	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikke –prinsipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Folke- biblioteklova</b>  20.12.1985 nr108	DUK	Har mynde til å fastsetje reglement i samsvar med §4 (3).
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Folkehelselova</b>  24.12.2011 nr29	Kom. dir.	Har mynde til å <ul style="list-style-type: none"><li>• følgje opp kommunen sine oppgåver i høve til lovverket i (kap 2 og 3).</li><li>• ta avgjerd i alle saker i kap 3 om Miljøretta helsevern (avgrensa til §9-17 der kommunen har avgjerdsmynde)</li></ul>
<b>Forpaktingslova</b>  25.06.1965 nr1	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinzipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Forskrift om forvaltning av hjortevilt</b>  8.01.2016 nr12	Vilt- og fiske- utvalet	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikke –prinsipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Forureinings-lova</b>  13.03.1981 nr 6	DUK	Har avgjerdsmynde etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak. Evt lokalt forskriftsarbeid heimla i lova er det kommunestyret som skal vedta etter tilråding frå DUK.
	HIM	Har mynde etter §83.2 til å treffa vedtak på kommunen sine vegne innanfor dei rammer som er fastlagt i vedtekne avtalar.
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i ikke–prinsipielle saker som er tillagt kommunen.



<b>Friluftslova</b> 28.06.1957 nr16	DUK	«Politiske saker» etter §14, 16 og 18 mv skal handsamast av DUK  Utforming av ev. lokal forskrift heimla i lova er det kommunestyret som skal vedta etter tilråding frå DUK (Statsforvaltar har godkjenningsrett på slike forskrifter).
	Kom. dir.	Har mynde til å: <ul style="list-style-type: none"><li>• ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen</li><li>• stanse og fjerne byggverk m.m. som er sett opp i strid med forbod eller pålegg etter lova (§40)</li></ul>
<b>Geodatalova</b> 03.09.2010	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Gjeldsordnings-lova</b> 17.07.1992 nr99	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen.  Kommunedirektøren har fullmakt til å: <ul style="list-style-type: none"><li>• melde krav på vegne av kommunen med heimel i gjeldsordningslova §3-2</li><li>• godkjenne forslag til frivillig gjeldsordning etter lova §4-11</li><li>• møte på vegne av kommunen til munnleg saksførebuing etter lova §5-3 (2)</li><li>• gi uttale etter lova. §5-3 (3).</li></ul>
<b>Grannegjerde-lova</b> 05.05.1961	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen
<b>Gravplasslova</b> 7.06.1996 nr32	FOR	Har mynde til å fastsetja avgifter i samsvar med §21 (2).
	Ordf.	Har mynde til å ta avgjerd i saker i høve til §9 (3).
<b>Havne- og farvannslova</b> 21.06.2019 nr70	DUK	Kommunestyret vedtar lokalt forskriftsarbeid etter tilråding frå DUK.
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen med følgjande unntak: Fastsetje forskrifter( §§ 8, 9 og 36).
<b>Helse-beredskapslova</b> 23.06.2000 nr56	OPOM	Har avgjerdsmynge etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak. OPOM skal gje fråsegn til kommunestyret i samband med beredskapsplanlegging etter lova.
	Kom. dir.	Har mynde til å: <ul style="list-style-type: none"><li>• ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen</li><li>• beordre personell etter lova kap. 4.</li></ul>
<b>Helse-personellova</b> 2.07.1999 nr64	Kom. dir.	Har delegert operativt arbeidsgjever- og leiaransvar for heile kommuneorganisasjonen. Oppfølging av helsepersonellova fell inn under denne delegasjonen.



<b>Helse- og omsorgstenestelova</b> 24.06.2011 nr30	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker etter lova. <ul style="list-style-type: none"><li>• Einskildvedtak: Kommunedirektøren har mynde å fatte vedtak om og igangsetje alle tiltak knytt til einskildpersonar etter lova. Dette gjeld også tvangstiltak heimla i lova.</li><li>• Oppfølging: Kommunedirektøren har mynde til å følgje opp sentrale pålegg om tenester der lova legg ansvaret på kommunen, herunder innhenting av opplysningar til bruk for planlegging, styring og utvikling av den kommunale helse- og omsorgstenesta.</li><li>• Avtalar: Kommunedirektøren har mynde til, innanfor vedtekne budsjetttrammer, å godkjenne og inngå driftsavtalar med personell for å nå målsetjinga i §3.</li></ul>
<b>Helsetilsyns-lova</b> 15.12.2017 nr107	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Hundelova</b> 04.07.2003 nr74	FOR	Har tilrådingsrett til kommunestyret i eventuelle lokale forskrifter etter §§ 6, 11 og 12 i lova.
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle saker som er tillagt kommunen med unntak av forskriftsarbeid heimla i §§ 6, 11 og 12.
<b>Husbanklova</b> 29.05.2009 nr30	FOR	Har mynde til gjeldsettergjeving av kommunen sine lån til vidare utlån.
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen etter denne lova
<b>Integrerings-lova</b> 6.11.2020 nr127	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Jordlova</b> av 12.05.1995 nr. 23	DUK	Har mynde til å ta avgjerd i ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen etter denne lova .
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje-politiske saker som er tillagt kommunen.
<b>Konsesjonslova</b> 28.11.2003 nr98	DUK	Har mynde til å ta avgjerd i politiske saker som er tillagt kommunen etter denne lova.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i alle ikkje-politiske saker som er tillagt kommunen etter denne lova.
<b>Krisesenterlova</b>	Krise-senter	Har avgjerdsmynde i alle ikkje-prinsipielle saker etter denne lova.



19.06.2009 nr44	Vest IKS	
<b>Kulturminne-lova</b>	DUK	Har avgjerdsmynnde i politiske saker etter denne lova.
9.06.1978 nr50	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i alle ikkje-politiske saker knytt til den delen av lova som vedkjem kommunen.
<b>Lakse- og innlandsfiske-lova</b> 15.05.1992 nr47	Vilt- og fiske-utvalet	Har mynde til å gje høyringssvar frå kommunen etter lova.
<b>Matrikkellova</b> 17.06.2005 nr101	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i alle saker som er tillagt kommunen med unntak av § 32 <i>Fastsettjing av gebyr</i> .
<b>Merverdi-avgiftskompensasjonsloven</b> 12.12.2003 nr108	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i alle ikkje-prinsipielle saker etter denne lova (§12).
<b>Merverdi-avgiftsloven</b> 19.06.2009 nr58	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i alle ikkje-prinsipielle saker etter denne lova (§2).
<b>Miljø-informasjonsloven</b> 9.05.2003 nr31	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i ikkje-prinsipielle saker etter denne lova (§8).
<b>Minerallova</b> 19.06.2009 nr101	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i ikkje-prinsipielle saker etter denne lova (§12).
<b>Motorferdsels-lova</b> 10.06.1977 nr82 med forskrift for bruk av motorkjøretøy i utmark og på islagte vassdrag	KOM	<p>Kommunestyret</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kan gje forskrift om generelle løye etter §5 i lova. Kommunestyret sitt mynde etter § 5 kan ikkje delegerast.</li> <li>• kan gje reglar om køyring etter §3 b-g i forskrifta. Kommunestyret sitt mynde etter § 3 kan ikkje delegerast</li> </ul>
	DUK	<p>Har</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• tilrådingsrett til kommunestyret i forskriftsarbeid heimla i § 5 i lova</li> <li>• delegert mynde etter §6 i forskrifta (med mindre saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak)</li> </ul>



	Kom. dir.	Har: <ul style="list-style-type: none"><li>avgjerdsmynde i alle ikke-politiske saker som er tillagt kommunen etter lova med unntak av § 5</li></ul>
<b>Naturmangfald-lova</b>  19.06.2009 nr100	KOM	Kommunestyret sjølv vedtar saker etter § 53 – Forvaltning for å unngå forringing av utvalde naturtypar.
Vilt- og fiske- utvalet	Vilt- og fiske- utvalet	Har mynde til å forvalta § 18, siste ledd (Uttak av hjortevilt).
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen med unntak av § 18 siste ledd og § 53.
<b>Naturskade-lova</b>  15.08.2014 nr59	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i ikke-prinsipielle saker etter denne lova (§§ 20 til 24).
<b>NAV-lova</b>  16.06.2006 nr20	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i ikke-prinsipielle saker etter denne lova (§§ 8, 13 og 14).
<b>Nærings- beredskaps-loven</b>  16.12.2011 nr65	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i ikke-politiske saker etter denne lova (§§ 5, 10, 11 og 17).
<b>Odelslova</b>  28.06.1974 nr58	DUK	Har avgjerdsmynde etter lova, med mindre saka vert vurdert å vere prinsipiell og kommunestyret skal fatte vedtak.
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikke-prinsipielle saker som er tillagt kommunen.
<b>Opplæringslova</b>  09.06.2023 nr30	OPOM	OPOM har tilrådingsrett til kommunestyret i lokalt forskriftsarbeid knytt til :  §2-2 andre ledd: Forskrift om undervisningstid ut over timerammene  §2-5 første ledd: Forskrift om målform  §2-9 første ledd: Forskrift om ordensreglement  §8-1 første ledd: Forskrift om inntaksområde for skulane
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynde i alle ikke-prinsipielle og ikke-politiske saker som er lagt til kommunen, for eksempel <ul style="list-style-type: none"><li>frita elev frå opplæringsplikt</li><li>fastsetje skulerute</li><li>Innhald og organisering av skulen</li></ul>



<b>Panteloven</b> 8.02.1980 nr2	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen (§6)
<b>Pasient- og brukerrettighetslova</b> 2.07.1999 nr63	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i alle saker som er tillagt kommunen.
<b>Pasient-journallova</b> 20.06.2014 nr42	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen (§§ 7, 8, 14, 18, 19, 22, 23, 24).
<b>Plan- og bygningslova</b> 27.06.2008 nr71	FOR	Har oppgåver og mynde etter plan- og bygningslova som ikke er lagt til kommunestyret sjølv og som ikke er delegert til DUK eller kommunedirektøren. Dette gjeld mellom anna: <ul style="list-style-type: none"><li>• Avgjelder i samband med planprosessar, organisering og praktisk planleggingsarbeid.</li><li>• Fastsetting av planprogram ved mindre omfattande revisjonar av kommuneplanen.</li><li>• Vedtak av mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel.</li><li>• Vedtak av mindre reguleringsplanar, når planen er i samsvar med rammer i kommuneplanen sin arealdel, og det er mindre enn fire år sidan arealdelen ble vedtatt av kommunestyret.</li><li>• Vedtak av mindre endringar i reguleringsplanar og utfyllingar innafor hovudtrekka i reguleringsplanar.</li><li>• Fastsetting av planprogram for reguleringsplanar med vesentlege verknadar for miljø og samfunn.</li><li>• (Kommunestyret vedtek sjølv kommunal planstrategi, kommuneplan (samfunnsdel, handlingsdel og arealdel) og reguleringsplan.)</li></ul>
	DUK	Har mynde til å treffe einskildvedtak etter plan- og bygningslova med tilhøyrande forskrifter i politiske saker og i klager på saker etter plan- og bygningslova kapittel 20 til kapittel 33, med tilhøyrande forskrifter.
	Kom. dir.	Har mynde til å treffe: <ul style="list-style-type: none"><li>• vedtak om dispensasjon og små endringar i reguleringsplanar.</li><li>• einskildvedtak i ikke prinsipielle saker etter plan- og bygningslova kapittel 20 til kapittel 33, med tilhøyrande forskrifter.</li></ul>
<b>Privatskolelova</b> 4.07.2003 nr84	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen (§§ 2, 3, 5, 7).
<b>Psykisk helsevernlova</b> 2.07.1999 nr64	Kom. dir.	Har avgjerdsmynnde i ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen (§§ 3, 4).



<b>Rekvisisjons-lova</b> 29.06.1951 nr19	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen (§§ 4, 8, 11, 23).
<b>Serveringslova</b> 13.06.1997 nr55	OPOM	Har: <ul style="list-style-type: none"><li>• mynde til å ta avgjerd i saker som er heimla i kapitel 4 og som gjeld midlertidig stenging av serveringsstad, suspensjon, tilbakekalling av bevilling og straff</li><li>• tilrådingsrett til kommunestyret i lokalt forskriftsarbeid om opningstider § 15, kap 3</li></ul>
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i saker knytt til kapitel 1, 2, 3, 5 og 6 i lova og tilhøyrande forskrifter med unntak av Lokalt forskriftsarbeid heimla i § 15, Kap 3.
<b>Sikkerhetslova</b> 01.06.2018 nr24	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen (§§ 4, 5, 6, 7, 9, 10).
<b>Sivil- beskyttelses-lova</b> 25.06.2010 nr45	FOR	Har avgjerdsmynne etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter seier at kommunestyret skal fatte vedtak.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen.
<b>Skogbrukslova</b> 27.05.2005 nr31	DUK	Har avgjerdsmynne etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen.
<b>Smittevernlova</b> 5.08.1994 nr. 55 med forskrifter	Komm- une- over- lege	Har avgjerdsmynne i alle saker som er tillagt kommunen etter lova.
<b>Sosialteneste- lova</b> 18.12.2009 nr131	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikke-prinsipielle saker som er lagt til kommunen.
<b>Stadnamnlova</b> 18.05.1990 nr11	DUK	Har avgjerdsmynne i alle saker som er lagt til kommunen.
<b>Tobakksskade- lova</b> 9.03.1973 nr14	OPOM	Har mynde til å treffe sanksjonar ved brot på lova. Sanksjonar kan heimlast i Folkehelselova kap 3 (jamfør tobakkskadelova § 13 (2)).
	Kom. dir.	Har mynde til å føra tilsyn etter lova.



<b>Twistelova</b> 17.06.2005 nr90	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikkje-prinsipielle saker som er lagt til kommunen.
<b>Vallova</b> 28.06.2002 nr57	Val- styret	Har avgjerdsmynne i alle saker som er lagt til kommunen med unntak av oppretting av valstyre som er lagt til kommunestyret sjølv.  Valstyret kan delegera til kommunedirektøren å ta avgjerd i ikkje-politiske saker.
<b>Vass- og avløpsanleggs- lova</b> 16.03.2012 nr12	KOM	Lokale forskrifter etter § 5 og fastsettjing av gebyr vert vedteke av kommunestyret.
	DUK	Har avgjerdsmynne etter lova, med mindre avgjerd er lagt til anna folkevald organ/ kommunedirektøren eller at saka sin karakter tilseier at kommunestyret skal fatte vedtak.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikkje-prinsipielle saker som er lagt til kommunen.
<b>Vannressurs- lova</b> 24.11.2000 nr82	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikkje-politiske og ikkje-prinsipielle saker som er lagt til kommunen.
<b>Veglova</b> 21.06.1963 nr23	DUK	Har mynde til å ta avgjerd i politiske saker som er tillagt kommunen etter denne lova.
	Kom. dir.	Har mynde til å ta avgjerd i alle ikkje prinsipielle saker som er tillagt kommunen
<b>Vegtrafikklova</b> 18.06.1965 nr4 med tilhøyrande forskrift av 07.10.2005 nr 1219 (skiltforskriften)	DUK	Har avgjerdsmynne i ikkje-prinsipielle saker. Prinsipielle saker skal handsamast av kommunestyret.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikkje-politiske einskildsaker som er tillagt kommunen.
<b>Viltlova</b> 29.05.1981 nr38	Vilt- og fiske- utvalet	Har mynde til å fastsetje forskrifter etter lova.
	Kom. dir.	Har avgjerdsmynne i alle ikkje-politiske saker som er tillagt kommunen
<b>Voksen- opplæringslova</b> 19.06.2009 nr95	OPOM	Har avgjerdsmynne i alle ikkje-prinsipielle saker som er tillagt kommunen (§6).

